

H I M L E N S H E R M E N N.

Tone: Sions vekter hever røsten.

Himlens hermenn vart ei trøytte - .
Fra land til land dei fram seg brøytte
med kjarleiksmakt og truesmod.
Fra Jerusalem dei stemnde.
Mot nord dei og Europa femnde
med bod om Jesu soningsblod.
Dei møtte bål og brann - .
Og hjarteblood der rann under fjerdi.
Men eitt er visst : Dai vann til sist.
Og opna veg for Kvite-Krist.

Håkon vilde kyrkja byggja. Med Kristus Noregs samfunn ~~byggja~~, ~~byggja~~
Men heidenmaki var for stor. Fagnabodet mildt han strøydde.
Men sorgfull han i heidni døydde, og fekk si grav i Noregs jord.
Men Gud i Himmelborg han såg kong Håkons sorg. Tåresadet
han vokster gav, om sumt skein av. Ei kyrkje står ved kongens grav.

Vistnok fekk ho trengselstider,
med hat og hogg og ville strider.
Med store tap og mannefall.
Stundom sløvt i ro ho dormar.
So kom der etter svære stormar
og spådde, hennar tid var all.
Men gjennom storm og strid
ho stend til denne tid. Lova Herren.
Hans nådepakt og kjarleiks-vakt
er sterkare enn helheims makt.

Odins velde kvarv omsider. Men kyrkja enn hardsett strider
i mot hans heidne, myrke verd. No er han ein skugge, berre.
No Kristus er vår rette Harre, med kongsmakt på si Guddoms-herd.
Det gamle våpenhus, me no hev lagt i grus. Øksi, sverdet,
no ingen dreg i kring med seg. Der fredlyst er på kyrkjeveg.

Signe, Gud, di kristne kyrkja
med Ordet som vår tru kan styrkja.
Du mildt tok våre små i famn.
Synte vegen for dei unge.
Ear bod om trøyst i scrgi tunge
på leidi inn mot frelsens hamn.
Du gav din vigsel ~~varm~~
til dei som - arm i arm - bygde heimen.
Du fylgte av, ditt Ord oss gav,
når syrgjande me stod kring grav.

Enno brenn din eld på åren.
Ditt vakne vakthald varslar faren,
kva leider enn han kjem i frå.
Vondt det er når verdi raser.
Men vert ditt Ord til toms fraser,
det mykje verre er endå.
Må Krist, vår rettferdssol,
ifrå din lærestol altid stråla.
Og syna greid, frå hav til heid
den rette veg og Himmelteleid.

Johs. M. L. Rydland.